VARHAUGBUEN

BLADET FOR BYGDA VÅR · NR. 2 2021

NY REKTOR
SIDE 5

BATTERIJAKTA
SIDE 9

VÅRTEIKN
SIDE 12

FRÅ HOKKSUND TIL JÆREN SIDE 38

Linerlå på framsida er fotgrafert av Brit Obrestad

Sjur Håland

BREV FRÅ KOHORTEN

Lokalt nytt er gull i ei tid med sosial unnatakstilstand. Varhaugbuen kjem i grevens tid. Det er kring femten månadar sidan me har møtt bygdefolk under normale omstende. Nå byrjar fleire av oss å lure på kor alle folka er - og korleis det går med dei. Femten månadar er ganske lenge. Folk eg kjenner kan ha fått ny hofteprotese utan at eg har fått det med meg. Minstejenta til naboen har flytt til Namdalen. Eg veit ikkje om det. Eldstesonen til Egil, som bur nedi vegen, kan ha fått lappen og kjærast utan at eg har blitt oppdatert. Ingrid har blitt pensjonist sidan sist, medan onkelen til Steinar har selt hytta, blitt operert for grå stær og skaffa seg el-bil. Utan at eg ein gong har registrert at han sleit med synet.

«Folk eg kjenner kan ha fått ny hofteprotese utan at eg har fått det med meg.»

Du kjenner deg kanskje att. Lurer på kor den og den har blitt av. Om du møter eit kjent andlet på Essoen, Spar eller Coop, blir det gjerne med eit smil og eit forsiktig nikk ved spritautomaten før det blir om og gjere å kome seg over den til ei kvar tid gjeldande FHI-tilrådde avstanden med komfortabel margin. Halvskræmde sjokkar me rundt mellom butikkhyllene med bleier og saft for å koma oss heim til vår eigen enn så lenge trygge kohort i ei bråvending med det me treng av tørt og flytande til livets naudsynte opphald.

Å halda seg oppdatert handlar ikkje om forvitenskap. Det handlar om at me bryr oss og har behov for å høyra til i fellesskapet som er bonusen ved å bu i eit lite lokalsamfunn som Varhaug. Fellesskapskjensla blir for tida sett på ein hard prøve. To somrar utan 17. mai-feiring, Varhaugmarken og Jærmessa er ingen katastrofe, men slike arrangement bidreg til ei kontinuerleg samansveising. Som er gull verdt.

Som lokalt folkevald får eg høve til å bidra med min enkle skjerv til forhåpentlegvis framgang og vekst i kommunen. Alt for mange møte, på rådhuset og elles har gått føre seg gjennom Teams. Det same gjeld på arbeid. Ein dataskjerm og x-tal meter fiberkabel er det som knyter meg til andre menneske.

«Kaffikoppen blir ståande halvfull og vissvassen på pulten.»

Brakkesjuke er sjukt skummelt. Mange har kjent lidinga på kroppen. Dei to første dagane etter helga på heimekontoret på loftstova, plar gå rimeleg greitt. Timane fyk, og kaffien smakar godt. Så, utpå onsdagen, melder symptoma seg. Kaffikoppen blir ståande halvfull og vissvassen på pulten. Kroppen glir umerkeleg inn i eit slags dvalemodus. Eg kan vakna til meg sjølv og oppdaga at eg sit og stirer gjennom vindauga på eit punkt uendeleg langt ute i horisonten rett over huset til Reidun og Leif Erik på Rinnå.

Då er det berre ein kur som hjelper. Restart heiter det på dataspråket. I praksis handlar det om å mobilisera restane av viljestyrken, velta seg or stolen og vrengja på seg ytterjakke og sko.

Medlemmane i kohorten min har bidrege til å gjera dørstokkmila lettare. Eg fekk elsykkel i fødselsdagsgåve. Reiskapen er utstyrt med maskulin stong, gel-sete og eit godt, gammaldags og praktisk bagasjebrett. Så følgde det også med eit batteri som, dersom det er lada opp, leverer straum til elmotoren i navet.

Kva som ligg bak den rause gåva, skal eg ikkje spekulera i. Men det handlar nok mykje om at enkelte meiner at sykling høgt og lågt året rundt vil førebygga brakkesjuka. I tillegg har dei fått gratis underhaldning og ein aldri så liten bonus. Familien kjenner godt til ladeangsten min og ser nok helst på gåva som eit eksperiment. Kohorten veddar seg imellom om kor vidt eg vil handtera å trø rundt med eit batteri mellom føtene.

«Kohorten veddar seg imellom om kor vidt eg vil handtera å trø rundt med eit batteri mellom føtene.»

Når batterinivået i mobiltelefonen kjem under 78 prosent, blir eg uroleg. Grensa ligg på 72 prosent. Då må batteriet ladast. Straks. Elbil har eg køyrd ein gong. Frå Forus til Varhaug og tilbake. Med berre ei lading undervegs. Det regna og var kaldt. Eg brukte verken lyset, varmeapparatet eller vindaugsviskarane der eg sat og veksla mellom å stira på batterinivå-målaren og vegen.

Testturen med elsykkelen fann stad på tørr asfalt i minusgrader rett før påske. Med fullt lada batteri trødde motoren og eg rundt Ånestad. Ruta er kring fire kilometer. Det var innafor. Vel heimkomen fekk eg spurta med sykkelen ned i kjellaren der batteri-ladaren straks vart kopla til.

Nå skal strikken strekkjast og ladeskrekken utfordrast i vekene som kjem. Varhaug har mange turmål og ruter som kan nås med sykkel. Det blir uansett ein sommarsesong fylt med volt, ampere og spenning for ein dieselfyr som meg.

Det mest spanande blir likevel:

Kor lenge treng me avstandsmål,
sprita hender, smittegnål?
På Varhaug styrer FHI,
i Norge har me pandemi.

Restriksjonar på alt gøy,
Varhaugmarken, ståk og støy.
Kranen stenger klokka ti,
i Norge har me pandemi.

Mutasjonar stadig vekk,
vaksinekø og virusskrekk.
Det hamstrast snus og havrekli,
i Norge har me pandemi.

Sjekkar status, statistikk,
og ventar på eit nålestikk.
Gler oss til det er forbi,
til Norge har blitt virusfri.

Nå må det skje og det litt fort,
me vil 'kje leva i kohort.
Men spela i ein symfoni,
tonerein og virusfri.

FRÅ REDAKSJONEN

Så er ein stålande 17. mai over. Den andre utan dei vanlege aktivitetane. Det er så mykje som har vore annleis desse siste to åra, at ein tek vel snart til å lura på kva som er «normalt» og kva som ikkje er. Ein ting som er normalt, er at Varhaugbuen kom ut med sine fire faste nummer i 2020 (det første var nett ferdig, då Norge vart stengt ned. Og nå kjem det andre i 2021. Sjølv om det ikkje skjer så mykje i dei ymse laga, har me likevel fått til bladet. Så om me tykkjer det er lite av dei vanlege aktivitetane, så er det likevel eitkvart som skjer rundt i bygda. Men nå er eg litt lei alt, og ser fram til at det skal verta meir normale tider igjen utpå hausten. Når bladet kjem ut, har me hatt årsmøte, og det har vorte litt endring i styret. Bygdekvinnelaget har hatt sine to år, og nå er det bondelaget sin tur for to nye. Slik er vedtektene. Endring vart det og av vara medlemane, då Eivind Galtvik kom inn i staden for Astrid Skretting for Lensmannsløå.

Liv

NYTT FRÅ MISJONSHUSET

No er det litt etter litt noko som skjer på misjonshuset. «Vi over 60» starta opp etter coronapausen 5. mai. Og gudstenester og Sundag kan ta til med dei begrensningane grunna Covid19 som gjeld. Men 17. mai festen vert det ikkje noko av i år heller. I staden vil ungdomslaget arrangere ei enklare tilstelling med utandørs grilling. Open barnehage er i gang att i matsalen etter at den òg hadde pause medan Hå kommune hadde dei strengaste coronatiltaka. Men elles er det veldig stilt.

Årsmøtet for misjonshuset vart utsett til 6. mai, men sidan organisasjonane sine årsmøter vart utsett til hausten, bestemte styret at årsmøtet for misjonshuset også måtte utsetjast og det er no satt til 30. september. Noko av årsaka er at styret for misjonshuset ser på noko ombygging av lokala utafor møtesalen. Ein ynskjer få til eit «mingleområde» og då må ein og sjå på løysing for ny lagerplass. Eit forslag frå Bettikon ynskjer styret skal drøftast på organisasjonane sine årsmøte før årsmøtet for misjonshuset. Då kan styret på årsmøtet til misjonshuset legge fram forslag til igangsetting av slikt arbeid. Teikningane er lagt ut på misjonshuset si heimeside. Det inneheld meir enn «mingleområdet», men i første omgang er det 1. etasje og påbygg for betre lager som skal handsamast.

I kjellaren på misjonshuset er det verkstader for tresløyd og eit rom for handsaming av metall. Før var det eit gutelag som heldt til på sløyden, og ei motocrossgruppe nytta metallverkstaden for mekking av mopedar, plenklypparar og anna med motor. No er det ei nystarta gruppe i ungdomslaget som organiserer bruk av desse romma for ungdommar. Dei kallar gruppa MtM. (det tyder: Misjen Tre&Mek). Og dei samlast annankvar tysdag mellom 1830 og 2130.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. (Telefonnummeret vert kopla til ny mobiltelefon sidan Telenor kutter ut bruk av kobberleidning for telefoni.) Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett: http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset. Med helsing, Per-Arvid

NY REKTOR PÅ UNGDOMSSKULEN

«Noen kommer, noen går», ja slik syng me i den gamle songen, som nok er godt kjent for dei vel vaksne. Slik er det og med rektorar på ungdomsskulen. Hadde ikkje før ynskt velkommen til Rune, før han gjekk til ein meir administrerande jobb i kommunen.

Men nå skal det handla om den nye rektoren som me håpar, både for elevane og skulen sin del, får behalda her lenge. Kris Georgsen, er 42 år og frå Stavanger, men er nå godt etablert på Nærbø. Der han han budd dei siste 13 åra saman med kona frå Rennesøy og dei 3 borna på 9, 13 og 19 år.

Kris starta på Varhaug i januar, og kom då frå jobben som lærar på Bø skule. Han har og tidlegare arbeidt på Høyland skule, så han er godt kjent i kommunen. Han har og arbeidt som lærar på Austlandet, då i Moss og Fredrikstad.

Å starta på ein ny skule midt i denne pandemien må ikkje vera det enklaste med det å skifta jobb. Og nå som rektor og sjef, måtte dette vel vera ekstra vanskeleg? Kris seier det har vore utfordrande, men har gått seg til slik litt etter litt. I tillegg til å verta kjent med elevane på ein skikkeleg måte, hadde han og nye kollegar og arbeidsrutinar som måtte gå seg til. På same tid som ein ynskjer å vera nær dei ein har rundt seg, må ein likevel tenka på koronaen og denne avstanden heile tida.

Kris seier dette første halve året har gått ganske greitt, men har og vore litt slitsamt, så han ser fram til ferien. Han ser og fram til kanskje å koma tilbake til skulen igjen til hausten med litt mindre ristriksjonar.

Kris har ein heilt anna arena til å lada batteria på, når det trengs. Han er fotballinteressert, og Viking er laget. Så difor var han i storform då eg var innom etter opningskampen mot Brann. Han er sjølv tidlegare Vikingspelar, og var med og vann NM junior i 1995. Fotballen har han ikkje lagt heilt på hylla, om han ikkje lenger spelar sjølv. Han har i lang tid vore engasjert i Nærbø IL, der han for tida er leiar i fotballstyret.

Kris liker å vera i aktivitet, og når han ikkje spelar lenger, ja så held han seg i form med å springa. Då spring han saman med venner eller aleine utandørs 1 - 1.5 time i skog og mark, og helst opp i høgdene rundt på Jæren, som det er ganske mange å velja i. Dette er balsam for sjela, og er det noko frusrtasjon som har bygt seg opp i løpet av dagen, forsvinn dette fort under ein slik tur. Kona - som arbeidar som sjukepleiar på Hå sjukeheim, merkar fort når det er eitkvart som plagar Kris, og då er beskjeden klar «Du må ta deg ein springetur».

Varhaugbuen seier takk for drøset, og ynskjer lukke til vidare i arbeidet som rektor på Varhaug. Eg ynskjer og som Kris at hausten kan verta litt enklare med denne pandemien.

Liv

Bjørg Reime Håland

Anne Margrete Ånestad

VASKEDAG AV BYGDEKVINNELAGET

Anne Elise Gudmestad og Liv Reiestad

Judith Aamodt

HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er no på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845. Spelekveldane vart forsøkt starta i januar, men så vart det Coronapause til over vinterferien, til 11. mars. Og så vart det ei ny pause medan Hå kommune hadde dei strengaste coronareglane.

Nå har me starta opp att, men fortsett med spriting av hender og vasking av bord og stolar etter bruk.

Hå meisterskap vart utsett ein gong,- men no har me bestemt at me venter til hausten!

Stavanger sjakklubb vil arrangere eit sommersjakktreff på Jåtten skule frå 21. juni.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, https://www.facebook.com/hasjakk/

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200.

Med smittevernplan mot Corona.

Men etter innskjerping av smittevernreglane fann me at me måtta halda opp med speling og i 2021 har det vore heilt stopp, men nokre virtuelle turneringar på Lichess har blitt holdt.

Landsturnering med ymse hurtig- og lynsjakkturneringar vert i år i Bergen 2.-10. juli.

Klubben har egen internettside: https://www.Jærensjakk.no

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakklubb». (sjå https://www.facebook.com/jaerensk/)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

AH BYGG AS
BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

KJÆRNEBORING
BETONGSAGING
Egil Haland 416 99 617 www.Toppaland.no

FARGERIKE
Halvorsen

TUR-MØTE ONSDAG 7.APRIL OG TIRSDAG 21.APRIL

Onsdag 7.april og 21.april hadde Svala 4H medlemsmøte hvor hvert årskull gikk hver sin tur. Det var flotte turer og medlemene hadde det kjekt. 2011 gikk fra Grødaland til Bodle, 2010 gikk fra Holmavatn til Synesvarden, 2009 Sveineskogen, 2008 gikk fra Bodle til Madland, 2007 gikk fra Holmavatn til Steinkjerringa og 2006-2003 gikk fra Holmavatn til Synesvarden.

Marita Ånestad

Jærmester
BYGGER MED KOMPETANSE
www.jermester.no

MAU
MURERFIRMAET
AANESTAD & UELAND
Totalleverandør av bad og våtrom

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no

BATTERIJAKTEN 2021

I vår har me på 4.trinn på Varhaug skule deltatt i batterijakten 2021.

Kva er batterijakten? Batterijakten er ein klassekonkurranse for 4. klasse, kor elevene skal samle inn brukte batterier, og sørge for at dei gjenvinnes i staden for at dei havner i søpla, eller enda verre - i naturen.

Batterijakten er ein morosam, miljøvennlig og lærerik konkurranse, som både skaper engasjement og samhold i klasserommet.

583,4 kg!

Den første veka lærte me om resirkulering og gjenbruk. I andre veka lærte me om fornybar energi, den siste veka lærte me om miljøvenleg teknologi. Kvar veke har me gjort vekesoppdrag.

Me på fjerde trinn har samlet inn 583,4 kg! Takk til alle som bidrog med batteri. **Me kom på 3.plass av alle skulane i heile Noreg.**

Magnus Skrettingland

GÅGRUPPA PÅ TUR

Måndag 26. april hadde gågruppa til Varhaug bygdekvinnelag ein fin tur; tog til Ogna - føtene fatt mot Hølland Gard, vidare på den Vestlandske hovudveg til Hegrestad. Nå måtte me gå på rv. 44, - lange, lange rekkja før me tok av til Netland og til togstasjonen på Hellvik. Vergudane var heilt på vår side for oss 13 glade damer med ryggsekk. Her var det skjeva og kaffi oppi - ja, til og med strikketøy hjå nokon. Her gjeld det å nytta tida. Gode matpause høyre til – godt drøs og humor. På Hellvik togstasjon hadde me god tid som me nytta til trim før me tok på munnbinda for togturen heim. Me har nå planlagt utflukt siste måndag i kvar månad så sant vergudane er på lag. Så det er bare å «henge» seg på - alle er velkomne. Planoppsett vedlagt.
Oddbjørg

Dagsturer for

Gågruppa

m/ matpakke og vil vare til 14.00 Verforbehold. Dei andre mandagene som vanlig.

28. juni: Tog 09.45 til Jåttåvågen- gå til Stavanger, innlagt bading på Vaulen

30. aug: Overnattingstur til Sandvatn til tirsdag. (Iflg. turistforrening gå tur på 3 timer)

27. sept: Tog 09.30 til Hellvik - gå til Egersund (eller motsatt)

25. okt: Tog 09.45 til Bryne gå til Øksnevad-porten (eller motsatt)

29. nov: Tog 09.30 til Brusand- gå til Sirevåg. Lunsj på Pauserommet før tog heim.

VARHAUG PENSJONISTLAG

Ein liten statusrapport frå Varhaug Pensjonistlag i denne koronatida. Dei fleste medlemane nærmer seg nok fullvaksinert, så då er me beskytta. Men restriksjonar for arrangement gjer det vanskeleg å få til å samlast mange.

23. mars hadde pensjonistlaget årsmøte. Der var Geirmund Åreskjold frå Fylketsstyret og orienterte. Musikalsk innslag var ved Kjell Særheim, Odd Høien, Torvald Tjåland og Terje Vold. Dei spela litt før årsmøtet starta.

Valget fekk følgjande resultat:

Leder	Inger Haugstad	1 år	ny
Nestleder	Aud Bratland Bø	ikkje på valg	
Sekretær	Klara Reime Ueland	2 år	gjenvalg
Kasserer	Bjørg Reime Håland	2 år	ny
Styremedlem	Reidar Erga	2 år	gjenvalg
Styremedlem	Torunn Haldis Berge	ikkje på valg	
I. varamedlem	Egil Salte	1 år	gjenvalg
2. varamedlem	Bjørg Merete Reiestad	1 år	gjenvalg
Revisor	Ruth Einervoll	1 år	gjenvalg
Vararevisor	Odd Einervoll	1 år	gjenvalg
Valgkomite:	Gustav Håland, Halldis Bakke og Målfrid Vilhelmsen Skretting		

Etter årsmøtesaker var ferdig, var det tid for smørbrød og svissrull. Musikantane spela opp igjen, og nå trakterte Torvald saxofonen.

Møtet blei avslutta med utdeling av blomar til Haldis Bakke for utruleg innsats i over 10 år som leder. Johannes Stokkeland blei og heidra for over 20 år som stødig kasserer. Olav Varhaug fekk og blomar for solid og trufast innsats på trekkspelet på møta i «alle år».

Styret har hatt eit møte etter valget, og då var me nokså einige om å venta til etter ferien før me prøver aktivitet igjen.

Ønsker alle ein god sumar, og ser med spenning og alvor fram til mitt virke som ny leder I pensjonistlaget. Planer fram i tid er å få arrangera nye trafikkurs som blei stoppa av pandemien, samt prøva datakurs igjen for dei som har interesse. Pensjonistforbundet skal ha data og opplæring av medlemane som satsingsområde nå framover, og det vil og vera mulig å følga kurs digitalt snart.

Ser fram til hausten 2021 då me håper på normale tider.

Inger Haugstad

HELLA MASKIN AS

Varhaug Park & Hage
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

VÅRTEIKN

Når dette nummer av Varhaugbuen kjem ut er det sommar. Her på Jæren har me hatt ein lang, kald og god vår med alt som høyrer med til den.

Nokon av dei sikraste vårteikna er lerka, vipa og skitlukta. Ingen som bur her kan unngå desse vårteikna. Vell, det er nok ikkje alle som veit korleis lerka syng, noko som eg i grunnen tykkjer er litt merkeleg. Når så storspoven, linerla og lauvsongaren kjem, så er våren kome litt lenger. I vår kom det også mange bokfinkar hit. Eg har også observert raudstilk i åa. Alt i alt er her ein god stad for fuglane. Mykje tre og buskar og mykje insekt. Makk i jorda manglar heller ikkje. Å sjå på svarttrosten når den går rundt og speidar etter makk, legg hovudet litt på skakke, som om den skal høyre kor dei kryp i jordskorpa, og så høgg til, er spennande. Både svarttrosten og skjora er spesialistar på å riva opp mose, og hiva mold, kvist og bark frå beda og ut på plenen.

Sjølv er eg også veldig glad i svalene. Det er alltid like spennande kvar vår å registrera kva tid dei kjem. Vanlegvis har eg registrert dei rundt månadsskiftet april-mai. Men i 2020 kom dei første svalene allereie den 23. april.

Også i år høyrde eg lyden av dei den 23. april. Men det var først på måndag 26. april då eg heldt på å ta kveld, at eg plutseleg høyrde lyden av fleire svaler, og to svaler som kretsar over låven. Eg gjekk mot låvebrua, og der var det to som sette seg på takrenna rett over låveporten og såg på meg som om dei ville sei: -ver så snill og lukk opp. Sånne blikk var det umogeleg å stå i mot, så eg opna porten. Skal sei dei var raske til å fyka inn. Ja, du skulle høyrt lyden. Her var dei heime. -Det er her me høyre til, var lyden av kvitringa.

Staren likar seg og her. Den smett innunder veggplatene på løa og lagar seg reir. Den sit på lampa og tek sats oppunder. Når ungane veks til og skit nedover lampa og veggen er det ikkje like gildt. Eg ser og at den fer inn i vifteholet og smett oppunder nokre fjøler med kvist og strå. Så kjem den ned att og set seg der i holet og viftar med vengjene som for å få av seg noko av støvet som heilt sikkert er under fjølene.

Å høyre på fuglane når eg er ute og arbeider i hagen gjer meg glad. Når sola skin er fuglane i ekstra godlag og syng meir og mindre heile dagane. Svarttrosten set seg alltid i høgste tretoppen og syng dei flottaste, litt melankolske tonane. Aller helst tidleg morgon og sein kveld. Også spoven er litt melankolsk i lyden, men den er herleg. Så kjem linerla trippande og vippande med stjerten. Ho er så elegant og lett på foten. Med sine små knepp er også den kjenneleg. Dei siste dagane har eg også hatt fleire steindilper (steinskvett) i hagen.

Sundag 2. mai var eg ute på ein sykkeltur. På Skeie stod det ei vipe midt i ei kjelve, og eg trur jammen det var to små vipeungar der. Eg hadde litt for stor fart. Skulle nok ha stoppa og sett attende, men då hadde dei vel gøymt seg. Så får me vone dei får vere i fred for rovfuglar og rovdyr. Naturen kan vera nådelaus slik.

Ha ein fin sommar, og nyt fuglesongen.
Brit Obrestad

SPREK JUBILANT

I dag besøkte eg ein flott og sprek jubilant. Brit Obrestad fylte 75 år 13. mai.

Brit overtok bruket på Hobberstad etter foreldra i 1975. Garden var på 130 mål. I starten dreiv Brit med smågrisproduksjon. Foreldra slutta med kyr i 1970, og etterkvart vart jorda seld og Brit sit igjen med hus og løe og ca. 2 mål tomt.

Som 17 åring reiste Brit til folkehøgskule i Borgund, Ålesund. Ho reiste med tog opp åleine, og reisa tok eit heilt døgn. Mest som ei Amerikareise. Etterpå starta ho på Musikkonservatoriet i Stavanger. Brit gjekk der 3 år og tok organist mellomgrad.

Ho fekk nå jobb som organist i Ogna kyrkje, og hadde samtidig orgel- og pianoelevar heime fra 1967 til 71. Starta som organist i Time kyrkje i 1971. I Hå musikkskule var ho deltidsansatt frå 1970 - 75.

I 1975 - 76 gjekk ho på Vinterlandbruksskulen på Jæren som den vinteren var på Vigrestad. Året etter gjekk ho på Agroteknikerlinja i Follsæ, Fyresdal. Her tok ho skatterett og landbruksrekneskap. Etter dette fekk ho jobb på Hå Gardsrekneskapslag, der ho hadde arbeid fram til ho pensjonerte seg i 2013.

Brit er ei aktiv dama og brukar no pensjonisttida si godt. I Vennelaget for Lerbrekk skule har ho vore kasserer i 10 år, og er også fast kapellmeister på orgelet der. I Styret for Varhaugbuen er ho og kasserer, og bidreg med stoff til bladet. I Kyrkjelydsbladet har ho vore i redaksjonen sidan 2012, så ho likar å skape og halde på med «det skrevne ord»

Ho er ein mykje brukt pianist og organist, og er sikkert tonefylgje i mange lag. Ho er og vikar for organist i Varhaug kyrkje.

I fritida er Brit ein ivrig syklist, og tek lett ein «liten» tur til Bryne eller Ogna, og nyter då både trim, natur, blomar og fugleliv. Ho har ein kjempestor hage rundt seg, og brukar mykje tid ute i arbeid med blomar, vedhogst, og vedlikehald av hus og heim. Ho er ivrig på Bygdekvinnelaget sin trim på idrettshuset, så dette er noko ho saknar i koronatida. Ho er ivrig fotograf, og tek mange fine bilete av fuglar, dyr og blomar.

Me ynskjer ei sprek og aktiv dame lukke til!
Inger Haugstad

NYE FOLK PÅ GARDEN

Eg har snakka med Jens Ånestad, ein av bureisarane som var gjest på festen i 196l, som eg har skrive om. Han husker godt festen, slik eg hadde formulert det etter avisoppslaget. Ja, det vart mange harde og tøffe tak som bureisar, særleg dei fire første åra, då eg var aleine, seier Jens. Det hjelpte mykje då kona Gerd, kom til gards. Etter år med hardt arbeid, hadde han fått ein god gard til å gje vidare til sonen Tarald, som aldri stifta familie sjølv. Men garden er framleis i familien, då dotter til broren, Ståle, nå har overteke.

1.januar 2021 vart det unge paret Åse - 24 år - og Gaute Ødemotland - 26 år- gardeigar på Håland. Han kjem frå Nærbø, og er eine sonen til Berit og Svein Mikal. Når eg og seier at foreldra til Berit er Torfinn og Oddny, så er det mest som han er komen «heim». Åse og Gaute har ein liten gut på 2 år, som heiter Olav, og han trives godt i idrettsbarnehagen når foreldra har det travelt. Åse, som har vore avløysar hos farbror Tarald sidan konfirmasjonen, har utdanna seg til lærar. Ho skal starta på Undheim til hausten. Gaute har arbeidt som land-bruksmekanikar hos Eikmaskin, tilsett som landbruksvikar i tillegg til å vera avløysar hos Tarald. Han har og fått med seg Vinterlandbruksskulen. Så bakgrunnen for å vera bonde, ser ut til å vera i orden. Dei har både mjølkekyr og sauer på garden, så det er ein del å gjera. Men han får god hjelp av Jens, til ein del av stellet. Dette gjorde og Jens då Tarald hadde garden, så han har ikkje heilt klart å sleppa taket etter bureisingstida. God hjelp for dei unge, og ein god måte å halda kroppen i form med.

Gaute vart i haust vald til leiar i Varhaug bondelag. Nå skal han og vera bondelaget sin representant i styret for Varhaugbuen.

Eg takker for drøset, og ynskjer Åse lukke til med arbeidet som lærar. Men mest av alt ynskjer eg dei lukke til med bondeyrket. Dei åra eg hadde der var travle, men likevel dei beste åra i mitt liv. Liv

DEN TRUFASTE POSTGJENGEN

Grunnen til at alle på Varhaug får bladet gratis, er at me har ein gjeng trufaste postbod, som i all slags ver legg bladet i postkassar rundt i heile bygda, fire gonger i året. Dette er delt på medlemer av eigarlaga, styret og fleire frivillige elles. Desse skulle me nok ha takka mange fleire gonger, enn me eigentleg gjer. Veit i grunnen ikkje kor me skulle fått pengar om me skulle sendt alle blada i posten. Har aldri fått noko kommunal støtte til bladet, og det har ergra meg litt. Då me starta opp i 2005, søkte me kommunen om støtte, men svaret me fekk var at laga som var med om dette fekk kommunal støtte elles. Eg har aldri forstått dette svaret. Barne- og ungdomslaga får nok litt støtte til drift, man kva slag støtte får bondelag og bygdekvinnelag???? Liv

SKRØYD

Nå har eg halde på med Varhaugbuen i mange, mange år, og framleis er det like gildt. Klart det er travelt og hektisk av og til, men tid er vel det eg har mest av. Og så er det veldig gildt når eg får skrøyd av bladet, både gjennom telefon, sms og email. Det gir ein ekstra inspirasjon når eg tenker på neste blad som skal ut. Men det er ikkje eg aleine som skal ha alt skrøydet. For det første har eg mange som sender inn bilete og noko dei har skrive, og mange gir meg tips om kva eg burde skriva om. Når alt stoff er samla, og eg leverar kladden til trykkeriet, er det Odd som tek «finpussen». Dette er han kjempeflink til, og me har hatt eit utruleg godt samarbeid i mange, mange år. Me er eit utruleg godt team, og eg har berre godord om både han og resten av gjengen hos Jprint. Trykkeriet har - som så mange andre - hatt ei tung tid med denne koronaen, så eg seier berre tvi, tvi, og vonar me snart vert kvitt desse basseluskane, slik at verda igjen vert normal. Liv

INTERNATET

Nå har me skrive på salsavtalen med Fjordkjøkken, så nå er det like før me skriv under på kjøpsavtalen med Rune.

Sjølv om me ikkje heilt «eig» bygget der endå, er det likevel gjort ein del arbeid. Kontora som dyrlegane skal ha, er klar til innflytting. Her har Olav og Anton gjort ein kjempejobb, med snekring og maling, mens Sven Sturla har ordna opp med det elektriske. Me fekk og god hjelp av Arne Odland. 4H v/Kristin hadde ansvaret for å måla dusjrom og WC til dyrlegane, så her tek alle sin tørn. Laga sitt felles kontor ved sida av dyrlegane er og ferdig. Her har bygdekvinnelaget vaska ut, og flytta ned kontortinga frå Internatet. Når dei skal ha neste styremøte i slutten av mai, skal dei ha dette her. Men det står att å få til eit WC og te-kjøkken, og her har BU fått ansvaret. Det er og to lager rom, eit lite og eit stort. Og det store romet er planen at 4H og Bu får styra med slik det passar for deira aktivitetar. Dette er i den delen av huset der lensmannen heldt til. I den vestre enden, er planen -i tillegg til å bruka det store romet som eit felles møterom - og å leiga dette ut til mindre selskap. Her trengs og litt maling mm før den delen er heilt klar. Her er det ein liten kjøkken, og eit rom som bygdekvinnelaget kan bruka til baking og anna. Her har dei vaska, og fått på plass mixmaster, steikehella mm. Her vert det i tillegg lager/arkiv både for bygdekvinnelaget og bondelaget. Skal verta gildt når alt dette er ferdig, og laga igjen er vorte «eigar i eige hus». Det vert nok ein ganske stor overgang, særleg for 4H og Bu, å flytta frå Internatet og ned i stasjonen, Men eg vonar at ting går seg til etter kvart, slik at alle kan verta glade og nøgde i dette nye bygget. Her må me nok og finna eit nytt namn, me kan jo ikkje heita Internatet lenger. Dette må eigarlaga sjølv bestemma, men personleg tykkjer eg Bygdatunet hadde vore eit dekkande namn.

Styret har og diskutert om me kanskje burde ha ein namne konkurranse her. Dette kjem me i så fall tilbake til. Liv

BLOMSTERBEDET

PÅ KLOKKARHAGEN VART GJORT KLAR FOR 17. MAI

Då sjukeheimen her vart opna for snart 10 år sidan, (før jul 2011), fekk bygdekvinnelaget eit blomsterbed i hagen til å ha ansvaret for. Dette har dei stelt godt med, og staudane dei planta har etter kvart vakse seg til. Det er vanleg at laget tek «vårvinna» før 17. mai, så alt er klart til nasjonaldagen. Det var ikkje nødvendig med nye plante, men bedet trong påfyll av mold. Denne fekk laget gratis av Fellesen, og seier her i bladet takk for det.

Bygdekvinnelaget har og gitt flaggstong og vimpel til Klokkarhagen, og som vanleg kom ny vimpel på plass til den store dagen. Liv

«STORT Å FÅ TO STRÅ TIL Å GRO DER

Dette var overskrifta i eit referat i Stavanger Aftenblad i 1961. Og kva dette har å gjera i Varhaugbuen i 2021, skal eg prøva å gje ei forklaring på her.

I ryddeprosessen min under flyttinga, kom eg over eit fint songhefte, der det stod slik på framsida: **«Songar ved festmiddagen på Varhaug heradshus torsdag den 17. august 1961»**

Det stod ingen ting om kven som arrangerte denne festmiddagen, men eg tenkte det måtte vera noko stort, for det var 14 nasjonale songar i heftet. Eg spurde ordføraren om han visste kva dette kunne vera, og fekk dette svaret: «Då var eg 4 år». Hadde ikkje kome på kor ung ordføraren var. Tenkte så på Ruth Einervoll, og sende mail til sonen Odd, slik at han kunne spørja mora. Eg fekk ganske fort svar frå Odd. (Og nå lærde eg noko nytt.) Han hadde googla på Aftenbladet , og funne eit fyldig referat frå denne middagen. Og nå skal eg prøva å ta lesarane tilbake til 1961.

Dette var ein fest som Time og Varhaug kommunar laga til på heradshuset på Varhaug i samband med at det førebuande arbeidet med nydyrkingsfelta på Frøyland og Elgane-Håland nå var avslutta. Vel hundre mann var samla, representantar for stat, fylke og kommunar, og elles andre som hadde hatt med nydyrkinga å gjera. Heidersgjestar var bureisarane og konene deira. Festen vart truleg opna med song nummer ein i heftet: «Gud signe Noregs land». Deretter prolog av Elisabeth Reiestad på 11 vers. Eg tek med det fyrste her, (så får heller dei andre koma om det vert plass i bladet)

«Me stansar i dag, ei kvilestund tek i det rastlause jag. No haustsola gyllar all Jærlandets jord. Det glitrar som gull over gulnande gror. Og himlen er høg, og så fin og så blå, med solskyer på»

Det står ingen ting om kva tid festen starta, men middagsbordsæta varde i vel 4 timar, og det er vel ikkje så rart når mange nok hadde eitkvart å seia, og så alle songane då! Etter middagen tok festen ein pause på halvannan time, slik at dei som hadde kyr, kunne gå heim å molka. Dei som ynskte det kunne i denne pausen dra på synfaring til Elgane, før dei kom tilbake til kaffi og drøs til langt utover kvelden.

Som tidlegare Bryne-bu tykte eg det var gildt å sjå at det var Nils A. Undheim -som var ordførar då eg arbeidde i kommunen -, som mellom anna i si helsing til festen hadde sagt dei orda eg har som overskrift.

Festsalen var fint pynta med gule roser og lyng frå Elgane. I kvar serviett var det og sett ein lyngkvast, og etter ei oppmoding frå toastmastar Sigurd Erland, frå Bryne, feste dei lyngen i knappholet på trøya eller i kjolekragen, for å minnast den tida då heile Jæren så og seia var lyngkledd.

Det var mange som hadde ordet under middagen. Og dei som ikkje kom til då, nytta høvet under kaffien. Leiarane i dei to bureisingsnemndene, Bjarne Stensland frå Time og Rasmus Varhaug frå Varhaug fortalde om arbeidet som hadde vore gjort. Stensland sa han hadde vore betenkt til å byrja med, og Rasmus Varhaug sa at for han var Elgane mest som

DET FØR VAR EIT»

Sibir, då han var gutunge. Men synet hadde endra seg, og nå meinte han at Elgane var ei av dei finaste grendene i Varhaug.

Direktør i Jorddyrkingsdirektoratet, Per Forberg takka for godt og velgjort arbeid. Rasmus Varhaug sa om Forberg at han hadde eit hjarta som bankar varmt for bureisarane, men minte han om at skal jorda i Norge verta oppdyrka, måtte staten gå inn for store felt.

Elles var det helsingar og gode ord frå lensmann I. Gausland, Romund Sundvor, banksjef Hertvig frå Bustadbanken, landbrukssjef Kristian Rønneberg, landbruksdirektør Lindtvedt, Jordskiftedomar I.A. Hognestad, Inga Tusvik, tidl. Fylkesagronom Alfred Norheim. Fylkesmann Paul Ingebrethsen takka for maten. (Rart å sjå at korkje Sundvor eller Tusvik har fått med nokon tittel).

--Dette vart ei lita mimring frå festmiddagen på heradshuset i 1961. Tenkte det kunne vera litt gildt å å få med seg noko av dette i bladet. Sjur Håland har jo skrive ein del om bureisinga både her i bladet og mykje i Varhaugboka, men trur ikkje denne festen har vore nemnt før.

--Søskenbarnet til far, var bureisar på Frøylandsfeltet, og det var gildt å lesa i referatet at Aarne Aasland hadde helsa frå bureisarane på Frøylandsfeltet. (Eg har faktisk vore på besøk på den garden eit par gonger før i tida). Aarne mimra om då han hadde fått sett opp det første skuret på feltet. Det var ikkje stort, berre 2x4 meter. Men han sa med Håvamål: «Det er betre om lite er. Heime er kvar mann herre.». Aarne sa vidare at det ikkje var alt som det burde vera på feltet, og han bad Time kommune ta opp att arbeidet med meir bevilling til Frøylandsfeltet. Han sa og at det var ikkje alltid dei hadde vore så blide på dei styrande, og han bad om orsaking for alle dei harde og stygge orda som hadde vorte sagt. Aarne hadde og med seg ei grøfterøyr fylt med vekstar frå feltet; dvergbjørg, lyng, korn og ugras. Dette var ei gåve til Gunnar Aasland, som hadde gjort så mykje for bureisarane

Eg tykte det var veldig gildt å lesa om dette. Og ikkje minst om alle personane som er nemnde, og som eg kjende både frå barndom, ungdom og som vaksen i arbeid i Time kommune. Liv

VENNELAGET LERBREKK SKULE

Skjer det noko på Lerbrekk, undrast du vel. Kva tid får me sundagskafé att? Ja, den som hadde visst. Rett nok seier dei nå at etter kvart som folk vert fullvaksinerte kan dei få lette litt på alt det strenge. Førebels ser det ikkje slik ut.

Projektor, høgtalarar og miksepult er nå kome på plass. Litt småpirk er endå att, og det blir ferdig i løpet av mai. Så neste gong me får lov til å samlast i skulestova skal det bli råd for alle å høyra det som verte sagt.

Elles er dei i gang med å måla noko utvendig på skulen. Sigbjørn Varhaug, Harald Bratland og Eivind Varhaug hadde først ein omgang med høgtrykk-spylaren, og målar innimellom når dei har tid og veret høver. Elles er det Oddvar og Anne Margrete Ånestad som held orden på plen og blomebed.

I skrivande stund er ingen samkomer avgjort endå, så me får berre vente og sjå. Det blir kunngjort i Jærbladet om me lagar til eit eller anna.

Konfirmasjonsselskapa er utsette til hausten. Så langt i år har det vore minimalt med utleige.

Me i Vennelaget ynskjer alle ein god sommar.

Brit Obrestad

Erik Håland Maskin a.s

VARHAUGS Pulsen
Telefon: 93 00 55 78 Mail: post@varhaugspulsen.no
www.varhaugspulsen.no

BØEN
Siden 1924

VoldenTollefsen

Murmester
Waldeland & Dubland

Slakteren
R.SKRETTING A.S

M-T-M ELLER MISJEN TRE OG MEKK

Kanskje er dette like ukjent for lesarane, som det var for meg. Dette ante eg ingen ting om før eg stakk innom kjellaren i Misjonshuset tysdag kveld.

Der møtte eg Sondre Aanestad (barnebarnet til Anne Synnøve og Sigmund på Hå), Kristian Varhaug (barnebarnet til Marit og Jan) og Ådne Skretting (oldebarnet til Ådne på Toppen), alle 17 år. Dei var alle ivrig oppteken med å fiksa og fornya grill-til-hengaren til Ungdomslaget. Det var litt igjen før dei var ferdige, men det var ganske imponerande det arbeidet dei hadde lagt ned på dette prosjektet.

To av gutane har satsa på «mekk» i arbeidslivet, den tredje på «tre».

Kristian har gått eit år på TIP og eit år på anleggslinja på Øksnevad, og skal nå ta til med læretida som tunnelarbeidar hos A.F Gruppa.

Sondre har og gått eit år på TIP og så eit år på arbeidsmaskin-avdelinga på Tryggheim/Forus, og går nå på arbeidsmaskin på Øksnevad. Snart skal han ta til som lærling hos Eikmaskin, Klepp som landbruksmekanikar.

Ådne tok første året på Tryggheim med bygg- og anleggsteknikk og det andre på byggteknikk. Ådne har og vore heldig, og skal starta som lærling hos Vigrestad Bygg.

Kristian og Ådne er gamle kjente frå barneskulen, men den gjekk Sondre på Vigre. Men seinare år kom dei saman, og sjølv om Sondre bur på Hå, er det kompisane frå Varhaug han har halde saman med både i Ungdomsklubben i Løå og på Misjen.

At dei kom til å starta med noko i kjellaren, er heilt tilfeldig. Det var ein kveld dei sat og drøste over ein kaffikopp oppe på Ungdomsloftet, at Eigil Varhaug nemnde at det var synd at ikkje alt det gode utstyret i kjellaren vart nytta meir. Det som var i kjellaren, var ikkje så mykje kjent for desse gutane, men snart kom ideen om å få til noko saman, og så badla det fort på seg. Desse tre fekk med seg Daniel Hetland (barnebarnet til Karen og Ola på Husveg), og rett over nyttår vart MTM skipa. I denne koronatida med lite aktivitet elles, var det godt å ha noko å tenka på og vera oppteken av. Og det første store arbeidet til gjengen er altså denne tilhengaren, som sårt trong litt reparasjon. Og dei er godt i gang med arbeidet. Tilhengaren er til nå både på-bygd og opp-mala, men det står framleis noko att før den er komplett. Så dei vert ikkje «arbeidslause» med det første.

I tillegg til godt utstyr i den mekaniske delen av kjellaren, er det og ei avdeling til trearbeid. Her er planen at med tida skal dei laga krokket-sett, og den første kølla var alt ferdig. Bjørk er den tresorten som er best egna til kulene, og det var kome på plass ein del bjørkekubbar som låg til turking. Å få til leiker i tre, er og med i framtidsplanane.

Når dei kjem skikkeleg i gang med produksjonen av ymse ting, er planen å selja desse på julemessa, eller å ha dei som gevinst på basar og liknande. Og pengane som kjem inn på dette, skal delast mellom Ungdomslaget og eit eller anna misjonsprosjekt.

M-T-M møtes annankvar tysdag - oddetalsveka - kl. 18.30 og utover. Er det einkvan der ute som tykkjer dette høyres spanande og interessant ut, så er det berre å møta opp.

Eg takker for ein veldig gild tysdagskveld samen med 3 trivslege unge gutar, og eg vil ynskja dei lukke til vidare både med MTM'n, og ikkje minst i arbeidslivet med læreplassane. Så Bra! Takk og til Per Arvid som tipsa Varhaugbuen om dette. Liv

JORDBRUKS-OPPGJØR

Etter eit elendig tilbod i årets jordruksoppgjer, er fleirtalet i styret i Varhaug Bondelag godt nøgde med at det blei brot i forhandlingane. Vi gir vår støtte til bondeopprøret. Det er viktig at ein har tillit til måten bondeinntekta blir berekna på. Mange kjenner seg ikkje igjen i tallgrunnlaget til staten. Stor prisstigning gjer at utgiftene aukar, utan at ein kan auka prisane på varer levert frå bonden. Det er stort investeringsbehov og kapital-krevjande å driva. Stadig nye og strengare krav til bøndene aukar utgiftene og gir for mange stor usikkerhet for framtida. Intektsforskjellen mellom bønder og vanlege lønsmottakarar aukar.

Varhaug bondelag har i forbindelse med brotet i jordbruksforhandlingane hatt to markeringar. Rundballe ved rådhuset og synleggjering av brotet med plakatar langs veg.

Styret i Varhaug Bondelag

SPRELLEMENN FOR BONDE-OPPRØRET

Etter regjeringa kom med deira forslag til jordbruks-oppgjøret har bønder over heile Norge vist si misnøye. Norges Bygdeungdomslag har i respons bedt alle lokallag om å være med på Aksjonsnatta for å gjere det tydeleg at me kjempar for eit land-bruk me kan ta over i framtida. Varhaug og Nærbø Bygdeungdomslag har derfor gått saman om å male og henge opp banner i Hå. Den 13. mai malte me bannera på dagen, og klokka 12 den kvelden møttes me igjen for å henge dei opp på Bøen, Rådhuset, Njærheim og i sentrum på Nærbø. Dei frivillige i styrene møtte med traktor og strips til å henge opp i Nærbø sentrum, og gjerdestolpar, spett og påledrivar til å få opp resten av bannera elles. Den største operasjonen viste seg fort å være Nærbø sentrum, der me måtte stenge av vegen og brukte traktor med lesseapparat for å nå opp på brua mellom Kiwi og Amfi. Her haldt me på i nesten to timar med dirigering og sikring av både banner og folk.

Bannera hang oppe i to dagar før me tok dei ned igjen laurdags kveld.

Helle Skretting

NY ANSATT PÅ IDEN ER KLAR

Det er veldig kjekt å kunne meddele at Helene Lerbrekk har takket ja til å ta over jobben for Åse!

Vi fikk 76 søkere på stillingen, noe som viser at Varhaug IL er en attraktiv plass for mange, og vi mener det er en annerkjennelse til Iden når så kompetente folk som Helene velger å søke hos oss.

Hun er gravid i sjuende måned, så hun er ikke på plass før mars neste år, men vi mener absolutt det er verdt å vente på.

Ann Helen og Jan Christian tar over de adminstrative oppgavene Åse har frem til Helene er på plass.

Takk til Ann Helen som er fleskibel og hjelper til slik at kabalen går opp til Helene begynner i mars.

Vi ser frem til å få deg med på laget. Velkommen til norges råaste idrettslag!!

VELKOMMEN TIL JÆRMESSE CUPEN

3.-5.SEPT 2021!

Varhaug IL inviterer til gratis fotballturnering på et av Norges råeste anlegg. Velkommen!!

VARHAUGMILÅ

Lørdag 5.juni
Kl. 12.30 – 5 km
Kl. 12.40 – 10 km

Kl. 14.45 – Premieutdeling

- 10 km: pengepremier (dame- og herre klasse)
- 5 km: medalje
- Barn opp til 15 år: premiering med gavekort på Bøen på 200 kr til de med best tid
- Alle som løper 10 km får T-skjorte
- Flotte ekstrapremier på startnummer (Du må være tilstede for å motta premie)

HUBBEN

F.v.: Katrin Pálsdóttir, Mathilde Braut, Anne Byberg og Tanja Hobberstad.

Fire blide jenter frå 8. trinnet, klar for dagens arbeid på Hubben.

Henning Stokkedal Olsen frå Bryne er nytilsett i Hå kommune som prosjektkoordinator for opplegget her. 18. juni er det ferie, så me kjem tilbake til han og Hubben i neste blad.

Steinar Erikstad.

Jørgen Tuen og Jesper Lerbrekk.

BYGDEKVINNER DELER MATGLEDER

Varhaug bygdekvinnelag har hatt lefsekurs (korona-sikret) for ungdom under 40 år - dette er ein del av prosjektet «bygdekvinner deler matgleder», som er sponset av Gjensidigestiftelsen. 3 gutter deltok - for nokre positive flinke gutter, vi kan være stolte av slike ungdommer på Varhaug. Nytt kurs kjem til hausten.

Oddbjørg Skrettingland

PLANANE FOR HAUSTEN I BYGDEKVINNELAGET

Vi i Varhaug bygdekvinnelag er optimistar og håpar vi kan koma i gang møtene våre til hausten!

Dette har vi planlagt:

Strikke-kafe:

1. september

6. oktober

3. november

1. desember

Sy-kafe:

13. september

18. oktober

15. november

Medlemsmøter:

28. august Basar

30. september Årsmøte

28. oktober Medlemsmøte

26. november Julemøte

Program på alle møtene er ikkje avklart ennå, men det kjem oppslag om alle aktivitetane

på Spar og Extra ca 1 veke før møte.

I tillegg vert det annonsert på Facebook.

Astrid Skretting
sekretær

17. MAI OG KORPS

Nå vert det tredje 17. mai utan korps. I første nummer i 2019, takka korpset for seg. Rart så fort tida går. Sidan me nå for andre gong misser den tradisjonelle feiringa av både 17.mai og Varhaugmarken, kjem me kanskje ikkje på at me ikkje lenger har korps i bygda. Som gamal korpsmor, tykkjer eg og sikkert mange andre, at dette er trist. Finns det ikkje einkvan ute i bygda som har interesse for musikk, og som kunne tenka seg å få dette i gang igjen??? Det er så mange barn og unge i Varhaug at det skulle nok ikkje vanta på musikantar? Liv

17. MAI

Om det heller ikkje i år vart ein vanleg 17. mai, så var teikningane frå skule og barnehage på plass hos Spar og Extra.

For min del vart første del av 17. mai framføre TV. Mens me hadde nydeleg ver, var det øs/pøs i Oslo. Der har eg eit barnebarn som spelar i korps, og etter spelinga var både ho og notene temmeleg våte.

Om koronaen har «jaga vekk» barnetoget, så skjer ikkje det med traktortoget. Eg fekk med meg det meste av dette, då dei kom oppover Buevegen og svinga i Prestakrysset vidare mot Nærbø. Skinande blanke traktorar, såg helst ut som dei kom rett frå fabrikken, dura langsamt forbi oss. Dei var alle fint pynta med grøne kvister og flag i alle størrelsar, og mange med bunadkledde ungdomar oppi. Og her i Prestakrysset var de fleire som slutta seg til toget, som for vidare mot Nærbø. Det vart sagt at det var nærare 300 traktorar med. Det var visst og eit tog med veteranbilar, men det fekk ikkje eg med meg. Andre stader, der dei har sjø, var folk ute og «laga tog» med båtane. Gildt og sjå kor kreative folk vert når det ikkje vert noko av det normale. Liv

LILLY
EMMA MARIE
SANDER

Sofia

OLIVIA

Oskar


17. MAI

GENERAL FORSAMLING SLAPP «STEIDN» I LENSMANNSLØÅ

Fleire av oss såg ikkje den koma; Generalen forkynner påske evangeliet.

Hjernen bak ideen er «Løe-Generalen» Kjetil Skrettingland. Han som mange andre, er fascinert av David Olney's engelske versjon av det musikalske påskeevangeliet. Såpass at han skreiv det om til kav Jærsk, og la det fram for Børre Bratland, alias General Forsamling.

Resultatet blei presentert for det trufaste publikummet i løå denne torsdagen. Og grunna pandemiske årsaker vart dette ein intimkonsert, eller rettare sagt to. Billettane vart fort rivne vekk, og det enda i dobbelkonsert denne kvelden.

«Løepublikummet» set pris på Generalen og bandet hans, og me mistenkjer at gleda er gjensidig. Generalen har òg denne kvelden publikummet i si hole hand, både med gitaren og med sine små finurlege merknader mellom dei musikalske historiene. Kontrasten er stor mellom alvorstynga beretningar frå Jerusalem og Golgata, og Generalens humor som løyser opp i stemninga i løeståva. Ein kan observere båe latter og gråt.

Publikummet på Varhaug er for tida svelteôra på konsertar, og me kryssar fingrane for at dette er starten på den musikalske opptrappinga.

På scenen saman med Bratland, trakterer Sven Arne Vestbø slagverket, Richard Madland varierer mellom tangentar, bassgitar og gitar og Jon Gravdal korar. At Ole Ellingsen kjem på, saman med trompeten sin gjev konserten ekstra krydder.

Takk til Kjetil, Generalen, bandet og Kultur i Løå for ein ugløymeleg kveld.

Dag Madland

EIN SNØMANN ER IKKJE BERRE EIN SNØMANN...

Det er ikkje sikkert det er så mange som husker kva som stod i sist nummer av Varhaugbuen. Då var det vinter, og eg hadde med eit fint bilete av 2 snømenn. Men det var heilt feil tekst til biletet. Dette burde eg sjølvsagt sett då eg hadde bladet til siste korrektur, men nei, eg såg ikkje noko større på biletet, konstaterte berre at snømannen var kome med. Eg vart difor ganske overraska då ordføraren ringte og lurde på korleis hans snømenn hadde hamna i Tjemslandhagen?

Her kjem forklaringa: Ein av dei siste dagane me hadde snø, og like før Varhaugbuen skulle i trykken, gjekk eg forbi hagen til Einar Mattingsdal. Veret var litt grått, men her heldt Einar på med å laga ein snømann, saman med barnebarnet Anne. Dette hadde vore gildt og fått med i bladet, tenkte eg, og Einar lova og ta bilete og senda til meg same kvelden. Bilete og tekst sende eg vidare til Odd i trykkeriet, og rekna med at alt var ok. Eg tykte det var litt rart at barnebarnet ikkje var med på biletet, men tenkte ikkje noko meir på det. Var nok ganske glad for at bladet var klar til trykking.

Men korleis kom ordføraren sine snømenn med her? Svaret er heilt enkelt. Då Per Arvid sende inn stoff frå misjonshuset og sjakken, sende han og med dette biletet til Odd, som alltid gjer ein kjempejobb med bladet, veit jo ikkje kor dei ymse snømennene kjem frå, så han tok berre inn det første han fekk med teksten til Einar sitt.

Ein seier alltid at jula varer heilt til påske, men sidan sist nummer av Varhaugbuen kom ut lenge etter jul, tenkte eg at ein snømann eller to godt kunne vera med i bladet etter påske. Liv

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for Lennsmannsløå

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar
Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Nestleiar

Sekretær
Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar
Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem
Ole Kristian Ødegård,
bygdeungdomslaget

Asle Haukland
bedriftsforeningen

1. varamedlem
Ingvar Reiestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

2. varamedlem
Eivind Galtvik, Lennsmannsløå

Redaktør
Liv Hobberstad

TRENING: Her er Olav Sæbø Haugen og Benjamin Skeie Hølland i gang med den ukentlige E-sport treningen. Foto: Simon Hobberstad

FLERE PÅ JÆREN OMFAVNER DEN NYE SPORTEN:

- BEDRE AT DE SITTER HER ENN HJEMME

E-sporten vokser overalt - også på Jæren, der Varhaug og Klepp sine idrettslag har startet opp.

- Når ungdommene kommer hjem setter de seg ned for å spille. Da er det bedre de kan komme her, i et sosialt miljø, sier Kjell Terje Årsland, som har ansvar for E-sporten på Varhaug, og er én av dem som startet prosjektet for noen år siden.

Med var også bror Even Årsland og venn Magne Håland.

- Vi var en gjeng som spilte selv, så tenkte vi - hvorfor ikke starte noe for ungdommene, der de kan samles? Jeg ringte ned til Jan Christian Vasshus (daglig leder i Varhaug IL journ.anm.) og han var helt vill i andre enden og veldig positiv med engang.

E-sport

E-sport er elektronisk konkurransespilling der utøverne konkurrerer mot hverandre i ulike dataspill på datamaskiner eller spillkonsoller.

Noen konkurranser har pengepremier til de beste utøverne.

Oppslutningen rundt e-sport har vokst voldsomt de siste årene. I dag kan profesjonelle turneringer følges av flere millioner mennesker verden over. I flere land sendes e-sport på nasjonale TV-kanaler, deriblant i Norge.

Noen av de mest populære spillene som det i dag konkurreres profesjonelt i inkluderer League of Legends, StarCraft II, Dota 2, Counter Strike: Global Offensive og Hearthstone.

Det er ikke uvanlig at dyktige spillere blir profesjonelle e-sportsutøvere på heltid. Profesjonelle lag støttes økonomisk av sponsorer, og åpner gjerne dedikerte treningshus hvor spillerne lever sammen for å fokusere på å bli bedre. Mange av de beste spillerne har stjernestatus hos publikum, på lik linje med kjente utøvere av tradisjonell idrett.

Klipp frå Jærbladet

PADELTENNIS

Alle våre aktive medlemmer over 13 år kan spille gratis på banene.

Det er sendt ut en mail til alle aktive medlemmer, hvor dere må registrere brukeren i Matchi.

Padel er en racketsport som kombinerer elementer fra tennis og squash. Banen er utformet med vegger, slik som i squash, mens poengsystemet er som i tennis. Banen er 20×10 meter, en tredjedel av en tennisbane. Padel spilles som double (to spillere på hvert lag), og lagene spiller på hver sin side av et nett, slik som i tennis. Veggene brukes i spillet, og kan bety at ballen spretter i uventede retninger. Padel krever mindre styrke og tekniske ferdigheter enn tennis. Dette gjør det til en sport som passer voksne og barn på forskjellige ferdighetsnivåer. Du opplever tidlig mestring, samtidig som du får deg en god treningsøkt.

En alliansebank i eika.

Du blir større i en mindre bank
Vi kjenner nabolaget ditt, bygda di og byen din. Jo bedre vi blir kjent med deg og dine behov, jo bedre kan vi hjelpe deg.

Jærsk business er vår business
Vi tilbyr små og mellomstore næringskunder et bredt og kompetent tilbud. Fire rådgivere vier all tid til landbruket.

Vi støtter og sponser lokalmiljøet
Vi pløyer deler av overskuddet tilbake til ditt nærmiljø, slik at Klepp, Time og Hå blir enda bedre å bo og leve i.

Hvorfor velge Jærens eneste lokalbank?

Du kan'kje drikka kaffi på telefonen
Vi tilbyr ansikt-til-ansikt kontakt med våre rådgivere på et kontor nær deg. Daglige behov fikser du enkelt i mobilbanken vår.

Du får rask respons og treffer fjåge folk
Våre rådgivere kan hjelpe deg med veldig mye. Hos oss møter du mennesker, ikke roboter. Våre medarbeidere bor og virker i lokalmiljøet.

Telefon 915 03290 | **www.jaerensparebank.no**

jæren sparebank

KOSS LIGG DET AN I SENTRUM????

DET SISTE IT LAGERET

Nå er det like før at siste rest av denne gamle bedrifta på Varhaug forsvinn. Eigedomen nord for rådhuset, som kommunen nå har overteke, har lenge nok vore eit ingenmannsland. Sikkert og til stor irritasjon for mange. Nå har kommunen fått inn anbud på rydding av tomta. Kontrakt vart skrive i slutten av mai, og planen er då at dei gamle lagerbygga skal vera fjerna før sommaren.

Her har tre og buskar fått leva sitt eige liv ei god stund.

DET ER IKKJE ALT ME SKAL FORSTÅ....

Mange har lurt på kvifor desse betongkassane er kome på plass ved inngangen til EXTRA. Ville dei ikkje at folk skulle parkera der, men heller bruka parkeringshuset? Det var noko kommunen hadde gjort, var svaret eg fekk frå dei tilsette, for det var kommunen som åtte det området???? Dette forstod eg lite av , så eg spurde ordføraren. Men han visste heller ikkje kva dette var. Han hadde og berre tenkt at dei ikkje ville ha parkering så nær inngangen.

Trur det må ha kome ein ny i kommunen, som har fått det for seg å «rydda opp i» gamle saker og ting. Når ein får byggeløyve, er det med ein plan for uteområdet, og den må utbyggaren halda seg til. I planen for Extra, var det ikkje laga til for parkering utanfor, slik me har gjort det i alle år. Difor er desse kassane kome opp, men slik eg forsto det, kunne ein klaga til kommunen over dette. Håper verkeleg at dette blir endra på, elles vil det nok verta eit stort tap i butikken.

RIVING AV DET GAMLE HANDELSLAGET

Dette har nå kommunen kjøpt av Steinar Haugseng, som har ansvar for å få det gamle vekk. I februar vart bygget gjerda inn, og han starta med å ta ut ein del av «innmaten». Men så vart det stopp i rivinga, og alle lurde på kva skjer nå? Karvan i Stasjons Pizza som tidlegare hadde flytta over til Stasjonsvegen på nord-aust i ein del som ikkje skal rivast, vart både forbausa og lei seg. Han får ikkje orden på inngangspartiet til den nye eteplassen sin.

Å riva er ikkje berre å riva, syner det seg. Steinar hadde ikkje avklara med Sameige i Sentrumgården om ein del rettigheter dei hadde i høve til utearealet, og alt dette må verta avklart før rivinga kan fortsetja. Det er synd for alle. Nå tykte folk at det gamle handelslaget hadde vore eit tomt skal lenge nok, og fleire nærast jubla då rivinga tok til. Men så vart det stopp, og alle spurde kvifor? Men så er dette med ein rett ein har, den vil ingen missa, mest same kva det er. Så er det berre å håpa at partane - Steinar og Sameige - vert samde om dette fort, slik at me slepp å ha det slik i sentrum heile sommaren. Liv

MOTORSYKKEL ELGANE KLUBB

Det har vore eit spesielt år for klubben. Corona har lagt begrensinger på både trening og løp. Anlegget har vært heilt stengt for trening i perioder, og er p.t. stengt for publikum, men trening gjennomføres iht retningslinjer fra myndighetene.

Etter flere utsettelser kunne vi avholde årsmøte fysisk tirsdag 25. mai. 25 personer møtte, og registrerte seg forskriftsmessig, satt med god avstand og fikk kvar sin tallerken med wienerbrød og twist. Me hadde som vanlig Paul Skretting som ordstyrer, og han losa oss gjennom årsmøte med stødig hånd.

Valgkomiteen hadde ein enkel jobb då heile styret tok gjenvalg. Så styret for arbeidsåret 2021 blir da som følger;

Leder	Omund Thu
Nestleder	Ronny Anda
Sekretær	Linda J Vigre
Kasserer	Elin Hobberstad
Styrerepresentant Speedway	Einar Moi
Styrerepresentant Motocross	Stein Arthur Vigre
Styrerepresentant ATV	Øyvind Frøytlog
Varamedlem	Frank R. Selebø

Det blir eit spennende år videre, vi har fått tildelt 3 løp, så vil tiden - og nasjonale retningslinjer - vise korleis vi klarer å gjennomføre løpene.

Datoer er som følger;

3. juli - NM individuelt, Speedway

7. august - Liga / Norgescup/Serie - Speedway

28. og 29. august - NM Motocross

I tillegg har klubben kjørere som skal konkurrere internasjonalt. Regner med at me kan koma med resultater seinare på hausten.

Til slutt vil eg nevne den gode gjengen av «ungdommer» som Einar Moi har meg seg på dugnad. Dei har gjort ein kjempejobb, og er i skrivende stund i ferd med å oppgradere «Komlebuå». Det er tanken at medisinsk støtteapparat skal benytte dette lokalet under løp.

Elin

ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontak med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjos og industri

Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no

Tlf 48 50 97 80
post@abror.no

ÅRSMØTE I VARHAUGBUEN

Møtet starta med eit foredrag av Paul Odland om Ivar Aasen, før me hadde dei vanlege årsmøtesakene og matpause.

Paul hadde eit interessant foredrag, og det gjorde godt å få friska litt opp i det eg lærde på skulen for mange år sidan. Eg fekk låna manuskriptet til Paul, og her er noko eg har plukka ut av det:

Ivar Aasen (1813-96) var bondegut frå Ørsta på Sunnmøre. Han vart morlaus tre år gamal, og farlaus då han var 13. Frå han var 13 til han var 18, var han gardsdreng hjå bror sin. Utan å ha hatt anna opplæring enn 10 dagar omgangsskule i året, vart han deretter sett til skulehaldar i heimbygda. Det fortel at guten må ha hatt reint uvanlege åndsevner. Han var huslærar i sju år, og ved sida av skulearbeidet sysla han med botanikk og grammatikk.

Ivar Aasen er far til nynorsken, og den beste måte å heidre minnet til denne sjølvlærde språkgranskaren, er å vise at verket hans er levande i dag, og ikkje minst – at det kan vera levande i framtida.

Det er ikkje lite Ivar Aasen etterlet seg. Ei imponerande liste over utgjevingar i alt frå dikt, artiklar, segn og fortellingar, songar, ordbok, grammatikk, namneordbok og bibelomsetjing, som han gjorde saman med Elias Blix. Mannen er borte for lenge sidan. Men verka hans står att. «Um hundrar År er allting gløymt», sa han sjølv.

I 1841 tok Aasen med seg eit herbarium han hadde samla og systematisert, og ein grammatikk han hadde laga over sunnmøremålet, og søkte opp biskop Neumann i Bergen. Biskopen vart oppglødd for grammatikken, og fekk gode folk med seg for å skaffe Aasen pengestønad til å granske dei norske dialektane. I fire år (1842-46) for Aasen over det meste av landet, tala med folk og gjorde oppskrifter av talemålet deira. På grunnlag av det innsamla tilfanget og den nyvunne kunnskapen, arbeidde han ut grammatikkar og ordbøker over norsk talemål. Samstundes laga han norm for eit nytt skriftmål bygd på talemålet. Han hadde fast tilskot av Stortinget til å drive vitskapsarbeidet sitt. Eit tilbod om å bli professor, sa han nei til.

Ivar Aasen budde på Jæren hausten 1844 mens han samla materiale til språkgranskingsarbeida sine. Inntrykk og røynsler frå reisene sine kring i landet, samla han i Reise-Erindringer og Reise-Indberettninger 1842-47, og som vart utgjevne i 1917. Der står det mellom anna slik: «Jæderen er tværtimod et av de mindst behegelige Landskaaber. Det bestaar deels av store Myrer, dels af tørre stenige Bakker eller Forhøininger, som her kaldes Heier, og overalt overgroet med Lyng , som allesteds er meget lavt og dvergagtigt, gives her en overordentlig Mængde Steen, saa at alle Bakker er bedækkede dermed. Jæderen seer saaledes ud som en Havbund, der er kommen til at lige for høit oppe.»

Utan den språklege innsatsen til Aasen, hadde vi ikkje fått den nynorske salmeskatten eller den nynorske bibelomsetjinga. Aasen var med som språkleg fagmann for den første omsetjinga av Det nye testamentet til nynorsk. Av språklege grunnar var han atterhalden til omsetjing av Bibelen til nynorsk, han ottast at omsetjinga ikkje skulle halda mål. Det Norske Samlaget stod for arbeidet med å få nytestamentet om til nynorsk. Då dei spurde Aasen om han sjølv ville vera med, svara han likevel JA med ein gong. Nytestamentet på nynorsk kom ut i 1890. Men det gjekk nærare 50 år før Bibelselskapet kom med ei fullstendig omsetjing av heile Bibelen til nynorsk.

Dette er songar av Ivar Aasen, som me song mykje av på skulen, og som eg tykkjer det er framleis gildt å synga: Dei vil alltid klaga og kyta. - Til lags åt alle kan ingen gjera. - Mellom bakker og berg. - Tidt eg minnes ein gamal gard. Liv

HÅ IDRETTSRÅD SIN ELDSJELPRIS

Saman med Jon Flåten har eg vore revisor i idrettsrådet i mange år, og eg har og møtt på nokre av årsmøta. Eg var der mellom anna då Ommund Thu fekk prisen for arbeidet han hadde lagt ned for Elgane Motorsykkelklubb. Det er dei ymse laga som må melda inn kandidat til Idrettsrådet, som tek avgjerda. Tidlegare har desse fått prisen: Ommund Thu, Lars Erling Friestad, Per Mattingsdal, Einar Tuen, Ingvar Sør-Reime, Jorunn Aarsland og nå Ove Håland frå Nærbø.

Ove Håland har ein imponerande CV når det gjeld arbeidet han har lagt ned i Nærbø IL, frå han starta som aktiv med fotball som 14 åring. Her vart han så dyktig at han fekk tilbod frå Bryne, noko han takka nei til. Lojaliteten til laget var stort. Heilt frå slutten av 60 talet og fram til i dag har han vore aktiv i laget, både som spelar, trenar, dommar og administrativ leiar. Varhaugbuen ynskjer Ove til lukke med prisen, dette var stas!

Med alle dei eldsjelene me har på Iden, burde det vel vera ein frå oss og som og burde få denne prisen ein gong?
Liv

NÅ TEK DET TIL Å SKJE NOKO

Som medlem i Hå historielag, har eg vore vakt på Grødaland i sommarhalvåret i mange, mange å. I fjor vart det ingen vakt, då anlegget var stengt. Men nå i mai opna museet igjen, og 1. pinsedag hadde eg vakt saman med Gjertrud Hobberstad og Tor Einar Risa. Det var ganske godt besøk innomhus heile dagen, mellom anna med ei dame frå Nederland, busett i Haugesund, og eit ektepar frå Tyskland og Italia, som hadde budd i Stavanger i fleire år. Dei var alle leie denne koronaen nå, for nå nærma det seg 2 år sidan dei hadde hatt kontakt med familiane sine. Det var og mange som gjekk tur på Kongevegen, som stakk bortom hagen for ein liten drøs. To par frå Sola ville gjerne kome inn, men etter ein tur frå Hå gamle prestegard i både sorpa og ku-lort, var ikkje skoa til å gå inn med. Dei ville heller koma tilbake ein annan gong. Men nistepakken tok dei saman med oss ute i hagen.

Liv

10-02-2021 13:47 CET

FK-butikken skifter navn til BondeKompaniet

I mars vil 21 FK-Butikker i Rogaland, Agder og sørlige del av Vestland skifte navn til BondeKompaniet. Også nettbutikken skifter navn til BondeKompaniet.

Hovedårsaken til navneskiftet er at Felleskjøpet Rogaland Agder sine butikker forveksles med Felleskjøpet Agri sine butikker. Felleskjøpet Rogaland Agder bruker i dag navnet FK-Butikken, mens Felleskjøpet Agri bruker kun navnet Felleskjøpet på sine butikker.

Nå skifter FK-Butikken navn til BondeKompaniet for å unngå misforståelser og dårlige kundeopplevelser.

FOTO KLUBBEN

Barbro Vold

Bjørg aksnes

Katrin Schmidt

Gunnvor Bjorland

Katrin Schmidt

FRÅ HOKKSUND TIL JÆREN FOR Å KJØPA PANNEKAKER

Dette er altså heilt sant. Eg gjekk innom Skrettingen for å kjøpa meg ei pannekake til lunsj, samstundes som eg villa ta eit bilete av den nye kafe-kroken. Der sat det to par utanfor, og kosa seg med kakene. Eg stoppa og sa; Ja, neste gong de kjem bortom, så kan de sitja innomhus i den nye kafeen. Det var då dei fortalde at dei hadde lese om desse pannekakene i Pensjonisten, og at pinseturen skulle gå til Jæren. Dei hadde ingen andre planer; pannekakene til slaktaren var målet. Dei hadde overnatta i Valle, og der kome i drøs med ein anleggsarbeidar frå Åseral, og han hadde sagt «Det er i slaktarbutikken til Skretting på Varhaug at de får dei gode pannekakene» .

Både Håvard og Reidar kom ut i drøset, og dei langveis farane gjestene fekk og prøva farså pluss at dei fekk med seg kvar sin «bøff» med Skretting logo på. «Gjestene» frå Hokksund vart mest himmelfalne då Reidar fortalde at dei laga 25.000 farse i året i tillegg til å selja farse deigen til andre, og at dei i tillegg laga 50.000 pannekaker.

Gildt for Varhaugbuen nærast å ramla borti dette, like før bladet skal i trykken. Eg fekk adressa, og neste veke går to blad til Hokksund. Liv

PS. Om ikkje alt for lenge kan me sitja inne i nybygget og nyta både pannekake og kaffi. Eg glede meg!

WESTCO miljø

ÅS MASKIN ÅRDAL & SKEIE AS
MOB: 911 52 104

ODLAND A/S
FORSKALING OG STØYPING
4360 VARHAUG

FRIVILLIG GÅVE – GIRO

Håper lesarane sakna giroen, som har vore fast innlegg i første nummer av Varhaugbuen kvart år. Nei, me har ikkje så god økonomi at me ikkje treng denne støtta lenger, giroen vart rett og slett gløymt.

På giroen som har vore sendt ut tidlegare, har teksten mellom anna vore slik: «Varhaugbuen vert sendt gratis til alle husstandane på Varhaug. Me tykkjer det er veldig gildt at bladet vert så godt motteke at folk utanfor Varhaug vil abonnera på det. Prisen for dette er kr. 200.»

Dette beløpet har tidlegare vore ok for 4 sendingar. Men når det nå går kr. 45 i porto til å senda eit blad, må nok minstebeløpet for innbetaling setjast opp til kr. 250. De kan sjølvsagt betala kor mykje de vil, men minstegrensa er nå kr. 250. Dette til orientering, og på førehand takk!

NB. Prisen for trykking av 4 nummer, har vore godt og vel kr. 121.000 dei siste 2 åra. Men annonse inntekta har gått noko ned, så overskotet for 2020 var mindre enn halvparten av 2019. Då kjem innbetalinga på giroen godt med, som har vore omtrent den same dei siste 2 åra med kr. 25.000.

Er det einkvan som har lysst å gje noko utanom denne giroen, så er grasrotandelen, ved tipping, kanskje ein ide. Me tek imot alle bidrag med STOR TAKK!

Liv

FØLET OG SAUEN

Nå ser det endeleg ut til at dette skal ordnast, slik at dei stakkarane slepp å vera plassert på eit lagar. Rektor på barneskulen, Johan Omland, ynskjer å ha dei på skulen, når det nye uteområde er ferdig.

TJEMSLANDSMARKA

Det har skjedd ein del i Tjemslandsmarka i det siste. Fjøs systemer har fått opp nybygget sitt. I tillegg held dei på med arbeidet med å gjera tomta til Herredsvela Transport klar. Det skal verta godt når alle bilane kjem vekk frå "stasjoen" og inmkøyringa til Varhaug .

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

20. august 2021

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Støtt våre annonsørar - dei støttar Varhaugbuen

Bonde Kompaniet

Stihl robotklipper RMI 422 iMow

8 490,-
(10 490,-)

Hagegjødsel 25 kg

12-4-18. Hagens universal-gjødsel, tilpasset plen, blomster og grønnsak-hage.

399,-

Slangetrommel med autoreel

Vrifri slange.

20 m **1399,-** (1499,-)
30 m **1895,-** (1995,-)
40 m **1995,-** (2299,-)

Varhaug, tlf. 51 77 14 70
Mandag –fredag: 8-17, lørdag: 9-14
Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no

Felleskjøpet
Rogaland Agder — siden 1899